



# Stranda kommune

## Staben

Saksbehandler: Hege Hjortdal

### Melding om vedtak

Det kongelige barne- og familiedepartement  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS AR.
ARKIVNR.: 330 00	
22. DES 2004	
SAKSBEH:	SIGN:
SAKSNR.: 2004/04169	

Vår ref.: 04/1953-4

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-A10, K3-&13

Dato: 22.12.2004

057

### HØYRING NY BARNEHAGELOV

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:  
**20.12.2004 FORMANNSKAPET**

#### FOR-179/04 Vedtak samrøystes:

Stranda kommune har drøfta forslaget til ny barnehagelov, og gir følgjande merknader til forslaget;

Ein må ikkje gå for langt i å gi kommunane for stor fridom i utforminga av barnehagar som gode læringsarenaer. Vi har i dag eit minimum av lovbestemmingar og normeringar som skal sikre kvaliteten i barnehagane. Om ein fjernar desse, slik framlegget opnar for, vil det i vanskelege økonomiske tider kunne svekke kvaliteten på barnehagetilbodet.

#### *Merknader vedkomande personalet;*

- ✓ Lova må vidareføre norm for tal på barn pr. førskulelærar.
- ✓ Krav om at kvar barnegruppe skal leiast av pedagogisk leiar må vidareførast.
- ✓ Unntak frå utdanningskravet kan berre gjevast for eitt år av gongen.
- ✓ Leiarane i barnehagane skal behalde styrartittel
- ✓ Styrar må framleis ha førskulelærarutdanning (event. lærarutdanning om barnehagen er samordna med skule i ei driftseining).

#### *Merknader vedkomande godkjenning av barnehagar;*

- ✓ Det bør vere minimumskrav til bemanning, gruppestorleik og areal.
- ✓ § 3 om krav til lokale og uteområde må framleis vere med. Minstemål til areal må inn i lova.

#### *Merknader til innhaldsbestemminga;*

- ✓ Det tydelige pedagogiske mandatet må også gjelde i det daglige arbeidet med barna.
- ✓ Det bør vere ein meir inngående drøfting av den kristen føremålparagrafen

#### *Merknader vedkomande ansvar og tilsyn;*


- ✓ Kommunen bør framleis ha ansvar for utbygging og drift av barnehagar.
- ✓ Lova må seie noko om kommunen sitt ansvar for tilsyn med det faglege innhaldet i private og kommunale barnehagar.

*Andre merknader;*

- ✓ Individuell rett til barnehageplass bør inn i lova.

Prioritet ved opptak, for barn med særskilde behov, må bli videreført og retten bør bli utvida til å gjelde barn som det er fatta vedtak om etter barnevernlova.

Med helsing



Monica Flo  
sekretær